

ARBEIDSMARKNADEN I 2014

Av Jorunn Furuberg

Samandrag

Gjennom fleire år har norsk økonomi vore prega av ein høg oljepris og høge oljeinvesteringar. I fjor flata veksten i oljeinvesteringane ut, og i andre halvår fall oljeprisen kraftig. Likevel var veksten i fastlandsøkonomien om lag som trendveksten. Fallet i oljeinvesteringane førte til at arbeidsløysa auka noko innan oljerealterte yrke, først og fremst innan ingeniør- og ikt fag.

I 2014 vaks arbeidsstyrken med 30 000 personar. Veksten i sysselsetjinga var litt høgare enn i 2013, men den samla yrkesdeltakinga gjekk litt ned frå året før. Yrkesdeltakinga auka mest blant personar over 55 år, medan det var størst nedgang blant dei under 25 år. Nedgangen i yrkesdeltakinga blant dei unge skuldast først og fremst at fleire tok utdanning, samstundes som færre under utdanning var i arbeid.

I gjennomsnitt for 2014 var 75 300 personar heilt arbeidslause, noko som svarer til 2,8 prosent av arbeidsstyrken. I løpet av heile 2014 var til saman 283 000 ulike personar heilt arbeidslause i kortare eller lengre tid. Dette tyder på at mange var arbeidslause berre ein kort periode. Likevel var 26 prosent av dei som til ei kvar tid var heilt arbeidslause, langtidsledige.

Bruttoarbeidsløysa, som er summen av heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak, blei i 2014 på 88 000, eller 3,3 prosent. I gjennomsnitt deltok 12 600 arbeidssøkjarar i tiltak. Dette er 22 prosent lågare enn i 2013, og bidrog til å trekkja talet på heilt arbeidslause opp.

Innleiing

I denne artikkelen gir vi eit tilbakeblikk på utviklinga på arbeidsmarknaden gjennom 2014. Vi vil mellom anna sjå på korleis utviklinga har vore når det gjeld yrkesdeltaking, sysselsetjing og arbeidsløyse. For å kunne forklara denne utviklinga på arbeidsmarknaden, må vi også sjå på korleis utviklinga har vore i norsk økonomi.

Samanlikna med arbeidsmarknaden i resten av Europa, har Noreg vore i ei særstilling dei siste åra. Sysselsetjinga er høg og arbeidsløysa er låg. Medan store deler av Europa framleis slit med låg økonomisk vekst og høg arbeidsløyse i etterkant av finanskrisa, har utviklinga i Noreg vore meir positiv.

Gjennom dei tre fyrste kvartala i 2014 vaks norsk fastlandsøkonomi om lag som trendveksten¹, men veksten var lågare i 3. kvartal enn i dei føregåande kvartala. Veksten det siste året har særleg vore driven av auke i offentleg og privat konsum, men også eksport frå fastlandet og auka investeringar bidrog til veksten.

Norsk økonomi har gjennom fleire år vore prega av ein høg oljepris og høge oljeinvesteringar. Dette har ført til høg sysselsetjing innan oljerelaterte næringar, og låg arbeidsløyse i fylka som har mange sysselsette i desse næringane. Samstundes har høg oljepris verka til ei sterk krone, noko som har svekka konkurransevna til tradisjonelle eksportnæringar. I løpet av 2014 har denne situasjonen endra seg. Veksten i oljeinvesteringane har stagnert, og mot slutten av året fall oljeprisen kraftig. I juni var oljeprisen oppe i 115 dollar per fat, ved utgangen av året var oljeprisen halvert. Dette har store konsekvensar for norsk økonomi, også utover lågare inntekter frå den oljeretta industrien. Mellom anna har fallet i oljeprisen verka til at den norske krona svekka seg i andre halvår. Dette vil igjen ha en positiv verknad på den tradisjonelle eksportretta industrien. Ei meir utfyllande utgreiing om utviklinga i norsk økonomi er å finna i artikkelen «Utviklingen på arbeidsmarkedet» i dette nummeret av Arbeid og Velferd.

Små endringar i sysselsetjinga

Sysselsetjinga er høg i Noreg, i 2013 var 79,6 prosent av folkemengda i alderen 20 til 64 år sysselsette, medan det same gjaldt 68,4 for EU-landa samla.²

I Noreg har vi to mål på utviklinga i sysselsetjinga, sysselsetjinga ifølgje AKU (arbeidskraftsundersøkinga til Statistisk Sentralbyrå) og sysselsetjinga ifølgje nasjonalrekneskapen. Medan AKU-sysselsetjinga baserer seg på ei utvalsundersøking blant busette i Noreg, er sysselsetjinga ifølgje nasjonalrekneskapen basert på data frå ulike register. Sysselsetjinga ifølgje nasjonalrekneskapen inkluderer også personar som er sysselsette, men ikkje busette, i Noreg. Ei meir utfyllande forklaring på desse to omgrepa er å finna i kapitlet «Begreper og definisjoner» bakerst i dette nummeret av Arbeid og Velferd.

I gjennomsnitt for 2014 auka sysselsetjinga ifølgje AKU med 1,0 prosent. Dette er litt meir enn i 2013 då sysselsetjinga auka med 0,7 prosent. Figur 1 viser utviklinga i sysselsetjinga ifølgje AKU og ifølgje nasjonalrekneskapen. Sesongjusterte tal frå arbeidskraftsundersøkinga viser at det vart 31 000 fleire sysselsette i løpet av dei elleve første månadene i 2014. Dette svarer til ein vekst på 1,1 prosent. Veksten er marginalt lågare enn i same periode i 2013, då sysselsetjinga auka med 1,2 prosent. Tal frå kvartalsvis nasjonalrekneskap (KNR) viser ein litt lågare vekst enn i same periode i fjor (sjå figur 1). Sysselsetjinga ifølgje nasjonalrekneskapen ligg noko høgare enn sysselsetjinga ifølgje AKU. Ei årsak til dette er at AKU ikkje har med tal for sysselsette på korttidsopphald i landet.


I 4. kvartal 2013³ var 90 200 personar sysselsette på korttidsopphald i Noreg ifølgje tal frå SSB, ein auke på 9 prosent frå same tid i 2012.

¹ Trendveksten er den gjennomsnittlege veksten i bruttonasjonalproduktet over tid.

² Tala er henta frå Eurostat og baserer seg på AKU.

³ Tal for 2014 er ikkje publisert enno.

Figur 1. Utviklinga i sesongjustert sysselsetjing målt ved arbeidskraftsundersøkinga (AKU) og kvartalsvis nasjonalrekneskap (KNR). 1000 personar



Kjelde: SSB

Innvandrarar står for det meste av sysselsetjingsveksten

Ifølgje registerbasert sysselsetjingsstatistikk frå SSB stod innvandrarar for 81 prosent av sysselsetjingsveksten i 2013. Mange av desse var nykomne innvandrarar frå EU-land i Aust-Europa. Nettoinnvandringa til Noreg i dei fyrste tre kvartalane i 2014 låg litt høgare enn i same periode i 2013. Sjølv om vi enno ikkje har tal for sysselsetjinga etter innvandrarbakgrunn for 2014, tyder den høge nettoinnvandringa på at innvandrarar har bidrege positivt til veksten i sysselsetjinga også i 2014.

Nedgang i sysselsetjinga blant dei yngste


All veksten i sysselsetjinga har kome blant personar over 25 år. Blant dei i alderen 15–24 år var det ein nedgang i sysselsetjinga på 8000 personar, eller 2,3 prosent, i 2014. Når etterspørselen etter arbeidskraft minkar, vil dette føra til større konkurranse om ledige jobbar. Dei fleste under 25 år har utdanning som hovudaktivitet. Tal frå AKU viser at det har vore ein auke i talet på unge som har utdanning som hovudaktivitet, samstundes som det er færre unge som er sysselsette ved sidan av utdanning.

Frå fjerde kvartal 2013 til same tid i 2014 vart det 47 000 fleire heiltidssysselsette ifølgje tal frå AKU, medan talet på deltidssysselsette var 18 000 lågare. Det meste av auken i heiltidssysselsetjinga har kome blant kvinner. I fjerde kvartal 2014 arbeidde 62 prosent av dei av dei sysselsette kvinnene heiltid, mot 86 prosent av mennene. I dei siste åra har deltidssysselsetjing blitt litt mindre vanleg blant kvinner, men endringane er små. 57 000 av dei deltidssysselsette i fjerde kvartal 2014 er undersysselsette, det vil seia at dei har prøvd å få lengre avtalt arbeidstid. Dette er 11 000 færre enn same tid i 2013.

Nedgang i yrkesdeltakinga

Yrkesdeltakinga er høg i Noreg samanlikna med mange andre land. Tal frå OECD viser at 78,3 prosent av folkemengda i alderen 15 – 64 år var i arbeidsstyrken i 2013. Den høge yrkesdeltakinga skuldast først og fremst at det er mange yrkesaktive kvinner i Noreg. Yrkesdeltakinga blant kvinner var 13,5 prosentpoeng høgare i Noreg enn gjennomsnittet for OECD i 2013, medan mennene si yrkesdeltaking berre var 0,7 prosentpoeng høgare.

Figur 2. Endring i yrkesdeltakinga etter alder 4. kvartal 2013–4. kvartal 2014. Prosentpoeng



Kjelde: SSB

Gjennomsnittstal for 2014 viser ein nedgang i samla yrkesdeltaking på 0,2 prosentpoeng frå 2013. Ser vi på tal for fjerde kvartal, var 70,9 prosent av folkemengda i alderen 15–74 år i arbeidsstyrken. Dette er uendra frå same tid i 2013. Yrkesdeltakinga auka mest blant personar over 50 år, medan nedgangen var størst blant personar under 30 år, jamfør figur 2.

Færre unge på arbeidsmarknaden


Yrkesdeltakinga blant unge under 25 år har vist ein jamn nedgang dei siste åra. Vanlegvis varierer yrkesdeltakinga blant unge med konjunkturane, men dei siste åra har yrkesdeltakinga i desse aldersgruppene vist ein avtakande trend. Mange unge konkurrerer om arbeid i næringar som sysselset mange arbeidsinnvandrarar. Bratsberg og Raaum (2013) har funne at auken i talet på svenske ungdommar som jobbar i Noreg har ført til lågare sysselsetjing av norske ungdomar, medan auka sysselsetjing av aust-europearar ikkje har innverknad på sysselsetjinga av norsk ungdom. Dette skuldast at svensk ungdom arbeider i yrke som servering, butikkarbeid og serviceyrker, der det er vanleg for norsk ungdom å ha deltidsarbeid, medan aust-europearar typisk arbeider innan bygg og anlegg og industri. Bratsberg og Raaum fann at 10 fleire svenske

ungdommar i jobb fører til 3–4 færre norske ungdommar under 25 år i jobb. Først og fremst har nedgangen i yrkesdeltakinga blant unge ført til at er det færre som jobbar ved sida av utdanning.

Fleire blant dei eldste i yrkesaktiv alder


Endringar i yrkesdeltakinga vert påverka av demografiske endringar og konjunkturrelle tilhøve. Vi er inne i ein langsiktig trend der demografiske endringar i seg sjølv fører til lågare samla yrkesdeltaking, jamfør figur 3. Endringar i alderssamansetjinga i folkemengda i yrkesaktiv alder har ført til at det er ein minskande del av personar i dei aldersklassane der yrkesdeltakinga er høgast. I 2014 var 54,9 prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder mellom 25–54 år, ein nedgang på 0,1 prosentpoeng frå 2013 og 1,1 prosentpoeng lågare enn for fem år sidan. Tilsvarande har det vore ein vekst i talet på personar i alderen 55–74 år, medan prosentdelen unge under 25 år har vist små endringar i perioden. I løpet av 2014 har konjunkturrelle forhold ført til ein auke i yrkesdeltakinga, medan demografiske tilhøve har motverka denne veksten.

Figur 3. Endring i samla yrkesdeltaking frå same kvartal året før, dekomponert i endring frå demografiske og konjunkturrelle forhold. Prosentpoeng




Kjelde: SSB

Figur 4. Endringar i folkemengda 15 - 74 år etter status på arbeidsmarknaden 2013 - 2014. Tusen personer



Kjelde: SSB

Figur 5. Utlyste stillingar i 3. kvartal etter næring. 2013 og 2014



Kjelde: SSB

Arbeidsstyrken vaks med 30 000

Sjølv om yrkesdeltakinga har gått litt ned det siste året, har veksten i folkemengda i yrkesaktiv alder ført til fleire personar i arbeidsstyrken. Frå 2013 til 2014 auka folkemengda i alderen 15–74 år med 52 000, eller 1,4 prosent. Samstundes auka sysselsetjinga med 27 000, medan det vart 1 000 fleire arbeidslause. Arbeidsstyrken samla vaks med 30 000 personar⁴, eller 1,1 prosent. Blant personar under 25 år vaks folkemengda med 4 000, medan arbeidsstyrken minka med 14 000 (sjå figur 4).

Lågare etterspørsel etter arbeidskraft

Samstundes som sysselsetjingsveksten har vore stabil har etterspørselen etter arbeidskraft gått noko ned. Tal


frå SSB viser ein nedgang på 7 prosent i ledige stillingar frå tredje kvartal 2013 til same tid i 2014. Nedgangen, målt i talet på ledige stillingar, er størst innan transport og lagring og innan fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting. Også innan informasjon og kommunikasjon, bergverksdrift og utvinning og innan personleg tenesteyting har det vore ein monaleg nedgang. Auken i talet på ledige stillingar er størst i undervisning og helsetenester, næringar som har mange sysselsette i offentleg sektor.

Stabil arbeidsløyse

I løpet av 2014 auka talet på registrerte heilt arbeidslause med 1500, ifølgje sesongjusterte tal frå NAV. Arbeidsløysa vaks ujamnt utover i året, og dei siste månadene var det ein nedgang i talet på heilt arbeidslause. Bruttoarbeidsløysa, som er summen av heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak, minka med 2 900 personar i løpet av året. Ei årsak til den ulike

⁴ Alle tal frå AKU er avrunda til næraste tusen, slik at summen av dei avrunda tala ikkje alltid blir lik den faktiske summen.

Figur 6. Utviklinga i talet på heilt arbeidslause, bruttoarbeidslause og arbeidslause målt ved AKU. Sesongjusterte tal



Kjelde: NAV og SSB

utviklinga for registrerte heilt arbeidslause og bruttoarbeidsløysa er at talet på arbeidssøkjjarar på tiltak var lågare i 2014 enn i 2013. I gjennomsnitt for 2014 var 12 600 arbeidssøkjjarar på tiltak, ein nedgang på 22 prosent frå året før. Arbeidsløysa ifølgje AKU svingar meir enn registrert arbeidsløysa sidan ho er basert på ei utvalsundersøking. Ifølgje sesongjusterte tal gjekk AKU-arbeidsløysa noko ned i første halvår, for så å auka i tredje kvartal. Frå august til november var AKU-arbeidsløysa uendra. Når vi ser dei tre måla for arbeidsløysa under eitt, har arbeidsløysa vore stabil i 2014.

283 000 personar melde seg arbeidslause i 2014

NAV har samla sett hatt ei jamn tilstrøyming av nye arbeidssøkjjarar i 2014. I løpet av året har talet på nye arbeidssøkjjarar som melder seg hos NAV halde seg stabilt på i underkant av 900 per yrkedag. I 2014 var 283 000 ulike personar registrerte som heilt arbeidslause hos NAV for kortare eller lengre tid. Dette er 4 400 fleire enn i 2013.

Ein av fire registrerte ledige var langtidsledige i 2014


Mange opplever å verta arbeidslause i løpet av eit år, 283 000 personar svarer til i overkant av 10 prosent av arbeidsstyrken. I 2014 var det i gjennomsnitt 75 300

personar som til ei kvar tid var registrerte som heilt arbeidslause, noko som svarer til 2,8 prosent av arbeidsstyrken. Dette viser at det er ei stor utskifting i personane som er registrerte som arbeidslause. Mange er berre ledige ein kort periode før dei finn seg (nytt) arbeid. For andre varer perioden som arbeidslause lengre. Nokre fleire var langtidsledige i 2014 enn i 2013, og i gjennomsnitt var 26 prosent av dei arbeidslause langtidsledige, det vil seia at dei var samanhengande arbeidslause i 26 veker eller lengre. Prosentdelen av dei arbeidslause som er langtidsledige aukar med aukande alder. Blant dei arbeidslause under 20 år var fem prosent langtidsledige i 2014, medan dette gjaldt 45 prosent av dei arbeidslause over 60 år.

Størst auke i arbeidsløysa innan ingeniør- og ikt-fag

I 2014 auka arbeidsløysa mest innan ingeniør- og ikt-fag (sjå figur 8). Arbeidsløysa auka særleg for ingeniørar, teknikarar og sivilingeniørar innan petroleum og metallurgi. Dette heng saman med ein nedgang i oljeinvesteringane i løpet av 2014. Sjølv om bruttoarbeidsløysa innan ingeniør- og ikt-fag har auka med 28 prosent i løpet av 2014, er bruttoarbeidsløysa framleis låg i denne yrkesgruppa med 1,8 prosent ved utgangen av desember 2014.

Figur 7. Sesongjustert utvikling i sysselsetjinga i utvalde næringer. Kvartalsvis nasjonalrekneskap. Indeksert: 3. kvartal 2012 =100



Kjelde:SSB

Små endringar i arbeidsløysa i bygg og anlegg

Bygg og anlegg er blant yrkesgruppene med høgast arbeidsløysa, og bruttoarbeidsløysa var 5,1 prosent i desember 2014. Arbeidsløysa auka litt i første halvår, men gjekk ned igjen i andre halvår, slik at det ved utgangen av desember var litt færre arbeidslause enn same tid i 2013 (sjå figur 8). Sysselsetjinga innan bygg og anlegg har auka gjennom 2014 (sjå figur 7). Statistikk frå SSB viser ein trend med utflating av talet på løyve til å setja i gang bygging av nye bustadbygg dei to siste åra, medan bustadprisane har auka gjennom 2014. Samla har dette ført til at aktiviteten innan bygg og anlegg har halde seg oppe, med ein auke i sysselsetjinga om lag som gjennomsnittleg for alle næringer, og ein nedgang i bruttoarbeidsløysa.

Ulik utvikling innan industrien

Innan industrien vaks sysselsetjinga om lag som gjennomsnittet for alle næringer, men samansetjinga av denne veksten har endra seg i løpet av året. Industrireiner som er viktige som leverandørar til oljeverksemda har opplevd ein stagnasjon eller tilbakegang, medan det har vore ein oppgang i sysselsetjinga i deler av tradisjonell eksportindustri. Dette heng saman med nedgangen i oljeinvesteringane og ein lågare kronekurs. Samla sett gjekk bruttoarbeidsløysa i

industrien ned i løpet av første halvår, for så å auka litt att mot slutten av året. Ved utgangen av 2014 var det 1 prosent færre heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak enn same tid i 2013. Bruttoarbeidsløysa auka mest for prosess- og maskinoperatørar (ei yrkesgruppe som mellom anna er knytt til oljeindustrien), medan det var ein nedgang i dei fleste andre yrkesgrupper.


Færre arbeidslause innan butikk- og salsarbeid

Innan butikk- og salsarbeid har bruttoarbeidsløysa minka med 4 prosent i 2014. Samstundes viser tal frå KNR at varehandelen er den næringa der sysselsetjinga har gått mest ned gjennom året. Tradisjonelt er mange unge sysselsette i varehandelen (Furuberg og Myklebø 2013). I løpet av 2014 har mange unge trekt seg ut av arbeidsmarknaden, særleg unge under utdanning. Dette kan vera ei medverkande årsak til at nedgangen i sysselsetjinga i varehandelen ikkje har gitt seg utslag i auke i talet på arbeidslause innan butikk- og salsarbeid.

Fylkesvis utvikling i arbeidsløysa


I løpet av 2014 utvikla bruttoarbeidsløysa seg ulikt i fylka. Figur 10 viser utviklinga gjennom året i bruttoarbeidsløysa i dei fylka som har hatt dei største

Figur 8. Utviklinga i bruttoarbeidsløysa i ulike yrkesgrupper. Sesongjustert. Indeksert: Desember 2013 =100




Kjelde: NAV

Figur 9. Bruttoarbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken. Etter yrkesgruppe ved utgangen av året. Dekomponert i heilt arbeidslause og arbeidssøkjjarar på tiltak



Kjelde: NAV og SSB

Figur 10. Bruttoarbeidsløysa i utvalde fylke desember 2013 – desember 2014. Sesongjustert. Indeksert: Desember 2013 =100



Kjelder: NAV

endringane. Den største prosentvise auken finn vi i Rogaland, Vest-Agder, og Trøndelagsfylka.

Bruttoarbeidsløysa auka mest i Rogaland, med 14 prosent. Auken har kome i alle yrkesgrupper så nær som innan jordbruk, skogbruk og fiske og blant personar utan oppgitt yrkesbakgrunn. Fylket har dei siste åra vore prega av høg sysselsetjingsvekst og låg arbeidsløysa. Nedgangen i oljeinvesteringane og fleire arbeidslause i oljesektoren har særleg gitt seg utslag i Rogaland som har mange sysselsette i oljerelatert verksemd. Bruttoarbeidsløysa i Rogaland auka mest innan ingeniør- og ikt-fag, med heile 85 prosent auke frå desember 2013 til desember 2014. Sjølv om bruttoarbeidsløysa har auka gjennom 2014 har veksten skjedd frå eit lågt nivå, og trass i stor prosentvis auke er bruttoarbeidsløysa i Rogaland likevel lågare enn gjennomsnittet i landet.

I Vest-Agder har bruttoarbeidsløysa auka noko gjennom året, og er ved utgangen av året 6 prosent høgare enn same tid året før. Målt i talet på personar er auken størst innan industriarbeid og ingeniør- og ikt-fag, medan den prosentvise auken er størst blant meklarar og konsulentar, og innan ingeniør- og ikt-fag.

Også i Trøndelagsfylka og i Telemark har bruttoarbeidsløysa auka meir enn i gjennomsnitt for landet i 2014. I Nord-Trøndelag har bruttoarbeidsløysa, målt i talet på personar, auka mest innan industriarbeid og innan serviceyrke og anna arbeid. I Sør-Trøndelag auka bruttoarbeidsløysa mest innan industriarbeid, bygg- og anlegg og ingeniør- og ikt-fag, målt i talet på personar.


Den største nedgangen i bruttoarbeidsløysa finn vi i Oppland. Fylket har og den nest lågaste arbeidsløysa. Ved utgangen av året var det berre Sogn og Fjordane som hadde lågare bruttoarbeidsløysa. I Oppland var nedgangen størst innan jordbruk, skogbruk og fiske og innan industriarbeid.

Ved utgangen av året var bruttoarbeidsløysa høgast i Østfold, jamfør figur 11. Likevel er Østfold eit av fylka der bruttoarbeidsløysa gjekk mest ned i 2014. Nedgangen har kome i nesten alle yrkesgrupper.

Arbeidsløysa blant innvandrarar

Innvandrarane er ei samansett gruppe. Arbeidsinnvandrarane har gjerne arbeid før dei kjem til landet, og blant desse er sysselsetjinga høg. Andre innvandrarar kjem til Noreg som familieinnvandrarar, eller som

Figur 11. Bruttoarbeidsløysa i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. Dekomponert i heilt arbeidslause og arbeidssøkjarar på tiltak. Desember 2013 og 2014




Kjelde: NAV og SSB

flyktningar. Samla er arbeidsløysa blant innvandrarar høgare enn blant ikkje- innvandrarar. I tredje kvartal 2014 var 36,5 prosent av dei registrerte heilt arbeidslause, og 45,1 prosent av arbeidssøkjarane på tiltak, innvandrarar. Til samanlikning utgjer innvandrane 12,4 prosent av den samla folkemengda i Noreg per 1. januar 2014. Figur 12 viser bruttoarbeidsløysa i prosent av folkemengda i yrkesaktiv alder etter innvandrarbakgrunn. I tredje kvartal 2014 var 5,4 prosent av innvandrane enten heilt arbeidslause eller arbeidssøkjarar på tiltak. I folkemengda eksklusive innvandrarar var det tilsvarande talet 1,6 prosent. Det er likevel store skilnader mellom innvandrarar frå ulike verdsregionar. Bruttoarbeidsløysa er høgast blant afrikanarar og blant personar frå EU- land i Aust-Europa, og lågast blant personar frå Nord-Amerika og Oseania.

Når vi ser på alle innvandrarar som ei gruppe, var bruttoarbeidsløysa lågare i 3. kvartal 2014 enn på same tid i 2013. Dette må sjåast i samanheng med at det var langt færre tiltaksdeltakarar blant arbeidssøkjarane i 2014 enn i 2013. Bruttoarbeidsløysa har særleg minka blant innvandrarar frå Asia, Afrika og Aust-Europa utanom EU. Personar som ikkje har rett til dagpengar har mindre insentiv til å melda seg hos NAV når tilbodet av tiltaksplassar er lågare. Vi kan difor ikkje sjå bort i frå at færre tiltaksplassar kan ha ført til at fleire i innvandrarar har trekt seg ut av arbeidsmarknaden. Blant innvandrarar frå Nord-Amerika og Oceania har bruttoarbeidsløysa auka, medan det er mindre endring i dei andre innvandrargruppene.

Figur 12. Bruttoarbeidsløysa for busette innvandrar etter verdsregion. 3.kvartal 2013 og 3.kvartal 2014. Prosent av busette 15–74 år



Kjelde: SSB

Oppsummering

Dei første tre kvartala i 2014 vaks norsk økonomi om lag som trendveksten. Talet på heilt arbeidslause auka noko gjennom året, medan bruttoarbeidsløysa gjekk litt ned. Arbeidsløysa auka mest innan ingeniør- og ikt-fag, særleg blant ingeniørar og teknikarar knytte til oljesektoren. Dette må sjåast i samanheng med lågare nedgangen i oljeinvesteringane i løpet av 2014.

Veksten i sysselsetjinga i 2014 var i gjennomsnitt litt høgare enn året før, og all veksten i sysselsetjinga kom blant personar over 25 år. Gjennomsnittstal for heile året viser ein liten nedgang i samla yrkesdeltaking. Dette skuldast først og fremst at mange unge har trekt seg ut av arbeidsmarknaden. Trass i ein liten nedgang i yrkesdeltakinga førte veksten i folkemengda i yrkesaktiv alder til ein vekst i arbeidsstyrken.

Dei siste åra har norsk økonomi vore prega av høg aktivitet i oljesektoren og ei sterk krone, noko som har vore negativt for tradisjonelle eksportnæringar. Ved utgangen av året har denne situasjonen endra seg. I artikkelen «Utviklingen på arbeidsmarkedet» fremst i denne utgåva av Arbeid og Velferd er det gjort greie for NAV sin prognose for utviklinga på arbeidsmarknaden i år og til neste år.

Referansar

Bratsberg, Bernt og Oddbjørn Raaum (2013) «Migrasjonsstrømmenes påvirkning på lønns- og arbeidsvilkår». *Samfunnsøkonomen* 3/2013, 18–29.

Furuberg, Jorunn og Myklebø, Sigrid (2013) *Ungens tilknytning til arbeidslivet*. NAV-rapport nr.3/2013. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.